

Universitetet i Stavanger
Det humanistiske fakultetet

ARBEIDSGRUPPA HUM 06/10

Møtereferat

Onsdag 7.april 2010
Kl 12.00-15.00
Humanistisk fakultet

Til stades:

Tor Hauken, leiar
Odd Folke Topland, fakultetsdirektør
John B. Møst, universitetsdirektøren sin representant
Nils Mæhle, ekstern representant
Anita Berge, fagleg representant IFU
Finn Tveito, fagleg representant IKS
Gaute Auestad, felles fagleg representant SAF & SLF
Rune Giske, fagleg representant IAS
Dag Jostein Nordaker, fagleg representant IMD
Trine Oftedal, studentrepresentant
Eilef J. Gard, sekretær

Meldt forfall:

Leith Symington, representant frå fagforeningane (Forskerforbundet)

Innkalling

Innkallinga vart godkjent.

Mandatet

Gruppa gjekk gjennom framlegget til mandat og gjorde nokre endringar og tillegg.

Nytt framlegg til mandat:

UiS har gjennom breidda på studieprogramma og nivået på den faglege kompetansen føresetnader for å kunna gje dei beste lærarutdanningane i landet. Arbeidsgruppa si innstilling skal leggja grunnlag for å realisera dette gjennom å gje godt funderte framlegg til ei ny fagleg og administrativ organisering av Det humanistiske fakultetet. Alle lærarutdanningane skal profilerast gjennom utstrekt integrasjon av teori og praksis. Framlegget til ny organisering skal vidare omfatta fylgjande:

- Fakultet skal framstå som eit lærarutdanningsfokuserert fakultet med integrerte utdanningar og forskingsbasert undervisning.
- I vurderinga av organisasjonsform skal matriseorganisering vera ein av modellane.
- Innstillinga kan også presentera ei vidareføring av dagens modell basert på dei eksisterande institutta, men med fakultær disponering av dei faglege ressursane.
- Innstilling skal spesielt ta opp integrering av sentra i lærarutdanningane.
- Gruppa skal også vurdere (evt innhenta vurderingar av) utdannings- og emneporteføljen og sjå på modellar for fellesbruk av emner, eller deler av emner, i

tillegg til samkjøring av deler av lærarutdanningane og ei tettare integrering av ressursane frå sentra inn i lærarutdanningane.

- Innstillinga skal presentera eit heilskapleg perspektiv (inkludert IMD og spespedsentra), SAK-perspektiv (stikkord: regionalt ansvar), tilhøve til andre fakultet og sikra kvalitetsmessig samanheng mellom teori og praksis. Dette må finna uttrykk i samarbeid og samordning mellom alle lærarutdanningane ved UiS.

Gruppa drøfta problemstillingar som må takast med i arbeidet med innstillinga, m.a. fylgjande:

- Kva ligg i omgrepet ”beste lærarutdanning i landet”. Dette må definerast. Skal heller uttrykket ”best mogeleg” brukast? Det som kjenneteiknar ei god lærarutdanning er vektleggjing av samanhengen mellom teori og praksis. UiS kan ikkje vera best på alle område men me må halda fast på det som fungerer godt og betra det som ikkje fungerer bra. Kvalitet kostar. Kvar går balansen mellom kvalitet og kostnader? Kvalitet handlar likevel ikkje berre om organisering og kostnader, men om kulturen i institusjonen.
- Forskinga sin plass i lærarutdanningane. Den er viktig for å ta vare på kvaliteten i utdanningane.
- Konsekvensar av den nye GLU for dei andre lærarutdanningane.

I møtet vart eit utkast til disposisjon til rapport sett opp. Denne vil verta lagt fram til neste møte.

Aktuelle dokument for arbeidet i gruppa:

- Forskrift for rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn. <http://www.lovddata.no/for/sf/kd/kd-20100301-0295.html>
- Hestbek, Tine Arntzen: Kvalitet i PPU. Utfordringer og mulige tiltak. Rapport fra den nasjonale konferansen om kvalitetssikring av praktisk-pedagogisk utdanning, 30. november og 1. desember 2009 i Trondheim. NTNU, mars 2010.
- Nasjonalt råd for lærerutdanning: NRLU 5/10. Vedlegg.

Framlegg og diskusjon av notat frå dekan

Notat frå dekan og ressursdirektør låg føre til møtet. Enkelte punkt i desse vart drøfta, m.a. kva ein matrisemodell er. Det vart vist til at departementet tidleg på 90-talet ville ha matriseorganisering av lærarutdanningane. Dette viste seg ikkje å vera vellukka.

Til neste møte

- Representant frå UiA vil verta invitert til å gjera greie for erfaringar med matriseorganisering av lærarutdanninga.
- Framlegg til disposisjon for gruppa si innstilling vil liggja føre.

Eilef J. Gard
Sekretær

